

Abo Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 OS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9539 - 20/41890

Saksbehandlar:
Ole Martin Bolset
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:
02.07.2020

Avvisning av planinitiativ Ytre Eidsnes gbnr. 215/2

Om førespurnad til oppstart av planinitiativ

Vi viser til innsendte førespurnad om regulering av området ved Ytre Eidsnes, gbnr. 215/2.

Planinitiativ kan ikkje igangsettjast

Kommunen har vurdert førespurnaden og finn ikkje å kunne tilrå igangsetjing av privat reguleringsarbeid av det nemnde området.

Grunngjevinga

Dette skuldast i hovudsak at planinitiativet er i strid med overordna plan. Området ligg som LNF i Kommunedelplan for Lindås 2019-2031 (KDP-L), med omsynssone H510 - hensyn landbruk. Planinitiativet viser til å regulere bustadar i dette arealformålet. Det har tidlegare vore oppe ei sak om å regulere dette arealet til bustadar. Dette var i 2015, saksnr: 095/15. Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune fann då ikkje grunnlag for å gje løyve til oppstart av planarbeid for del av gnr. 215 bnr. 2, slik det var søkt om. Området vart vurdert i kommuneplanprosessen den gongen, og vart forkasta.

KDP-L vart rullert i 2019, i denne prosessen vart det sendt inn eit innspel for å endre arealformålet for nemnde område til LNF-spreidd. Det vart vist til to tomter sør for dei to eksisterande tomtene i området. Dette innspelet vart handsama i den politiske styringsgruppa for planarbeidet (Plan- og miljøutvalet) 16. oktober 2018 ved grovsiling av innspela, og vart ikkje tilrådd tatt med vidare til konsekvensutgreiing.

Dette er eit sterkt argument for å ikkje gå vidare med planinitiativet. Området vart vurdert i siste rulling av KDP-L, som vart vedtatt i 2019, og innspelet om å endre arealformålet til LNF-spreidd vart ikkje tatt med vidare. Administrasjonen lyt difor følgje nyleg vedtatt overordna plan, og avvise planinitiativet til bustad i området satt av til LNF, med omsynssone H510 – hensyn landbruk, over seg.

I tillegg til historikken som nemnt ovanfor spelar følgjande punkt inn for avvisninga:

- Tilgjengeleg bustadareal i nærleiken.
- Det er bustadreserve i Ostereidet skulekrins. Bustadreserven som er skissert i planskildringa til KDP-L (kapittel 2.4.1 og 2.4.2) dekkjer behovet kommunen har i

- mange år framover. Det er ved førre rullering av KDP-L tatt ut meir eksisterande bustadareal (414 daa) enn det er lagt inn nytt bustadareal (19 daa).
- Planinitiativet følgjer kun opp eit mindretall av strategiane som skal nyttast for å innfri mål 7 i tidlegare Lindås kommune sin samfunnsdel: «Vi vil ha gode, trygge og aktive nærmiljø som fremjar god helse.»
Aktuelle strategiar for dette området, som administrasjonen ikkje ser som vektlagt: Nr. 31, 33, 34, 36, 37, 39.
 - Fv. 393 Eidsnesvegen ved Eidsnesstraumen er karakterisert som særleg farleg/vanskeleg skuleveg.
 - Planinitiativet vil råke kulturlandskapet, og det vil påføre landbruket driftsulempar.

Sjølv om Plan- og miljøutvalet, 09.12.2019, i sak 126/19, la til følgjande protokolltilførsel: «Plan og miljøutvalet er positiv til oppstart av privat reguleringsplan for området som inneheldt dagens 2 tomter og dei omsøkte 2 tilleggstomter. Plan og miljøutvalet er også positiv til eventuelt tilleggsareal og fortetning.», må administrasjonen avvise planinitiativet med grunngjeving som vist over.

Kva skjer vidare?

Avgjerda kan ikkje påklagast, men forslagsstillar kan krevja å få lagt fram planinitiativet til kommunestyret for endeleg handsaming.

Lovgrunnlag

Kommunens frie skjønn til å stoppe eit planinitiativ er heimla i plan- og bygningslova § 12-8 og ved forskrift jf. § 4.

De kan få innsyn i saksdokument

De har rett til innsyn i saksdokument og kan følgje saka på nettsidene våre under [Innsyn i saker](#)

Har de spørsmål?

Har de fleire spørsmål i høve til dette er de velkomne til å ta kontakt med planavdelinga. Ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Er det ynskjeleg at kommunen skal revurdere arealbruk for området har ein adgang til å sende inn innspel ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Ole Martin Bolset
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Abo Plan & Arkitektur AS

Postboks 291

5203 OS